



Vår dato:

14.05.2021

Vår ref:

2020/19382

Dykkar dato:

22.12.2020

Dykkar ref:

Alver kommune,
Postboks 4,
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

ALVER KOMMUNE - BUDSJETT 2021 OG ØKONOMIPLAN 2021-2024

Alver kommunestyre har i møtet 17. desember 2020, sak 172/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021-2024. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer vi at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i kommunen sitt opphavlege budsjett og økonomiplan, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir settet i verk.

Oppsummering

Det er budsjettert med netto driftsunderskot for 2021. Det faktiske netto driftsunderskotet kan bli endå svakare enn budsjettert då det er lagt til grunn innsparingar som vi stiller spørsmål ved realismen av. Kommunen må justere budsjettet for å unngå eit betydeleg netto driftsunderskot, som må bli dekt med bruk av disposisjonsfond.

Kommunen bør ha årlege netto driftsoverskot som er større enn den generelle tilrådinga for kommunane på 1,75 prosent av driftsinntektene. Bakgrunn er at kommunen har høge inntekter og det er uvisse knytt til framtidig utvikling av desse inntektene. Kommunen bør ha som målsetjing at disposisjonsfondet er mellom 10 og 15 prosent av driftsinntektene for å ha tilstrekkeleg stor driftsreserve.

På bakgrunn av kommunen sine store utfordringar knytte til driftsbalanse, er det særleg viktig å dempe veksten i lånegjelda. Kommunen bør avgrense nye låneopptak i stor grad framover. Utanom lån til ferdiggjering av investeringar som er under arbeid, bør lån inntil vidare vere avgrensa til investeringar som er fullt ut sjølvfinansierande gjennom auka inntekter. Kommunen bør inntil vidare ikkje gjere nye vedtak om andre investeringar.



Budsjett 2021

I rekneskapen for 2020 er det eit netto driftsoverskot med om lag kr 10,8 mill. Det utgjer 0,4 prosent av driftsinntektene.

Det er eit netto driftsunderskot i budsjettet for 2021 med kr 29,0 mill. Dette utgjer - 1,2 prosent av driftsinntektene. Netto driftsunderskot er planlagt dekt med bruk av disposisjonsfond.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst 1,75 prosent for kommunane generelt.

Kommunen har budsjettet med kr 824 454 000,- i skatt på eige og inntekt for 2021. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettet med til saman kr 1776,5 mill.

Inntektsprognosene for 2021 er oppdatert med innkomen skatt i 2020. Skatt og rammetilskot er ikkje budsjettet for høgt samanlikna med den siste inntektsprognosene. Kompensasjon for koronapandemien i første halvår inngår i denne prognosene.

Det er budsjettet med kr 123 ¼ mill. i eigedomsskatt for 2021. Innkomen eigedomsskatt i 2020 var om lag kr 144,0 mill.

Det skal skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3 c for 2021. Det skal også skrivast ut eigedomsskatt på det særskilte skattegrunnlaget, med heimel i overgangsregelen i eigedomsskattelova. Som følge av omlegginga av regelverket for eigedomsskatt, er desse inntektene reduserte for kommunen frå og med 2019. Nedtrappinga går over ein periode på sju år. Det er gitt delvis kompensasjon for inntektstapet gjennom statleg rammetilskot.

Eigedomsskatt på bustader og fritidseigedomar i dei tidlegare kommunane Meland og Radøy er ikkje vidareført i den nye kommunen.

Det er budsjettet med kr 105 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Avdrag er berekna med 3,7 prosent av gjeld til kommunale investeringar per 1. januar.

Det er budsjettet med utbytte frå BKK med kr 13,7 mill. Kommunen sin eigardel av aksjane i selskapet er 3,45 prosent. Utbytte i 2020 var kr 24,1 mill. Reduksjonen i utbytte frå 2020 til 2021 skuldast låge straumprisar i 2020. Det er rekna med at nivået på utbytte frå og med 2022 vil kome opp på om lag det same nivået som i 2020.

Kommunen fekk utbetalt kr 26,7 mill. frå havbruksfondet i 2020. Det er budsjettet med ei utbetaling på kr 11,9 mill. for 2021.

I 2021 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 460,3 mill. Av dette utgjer avgiftsfinansierte investeringar i vassverk og avlaup til saman kr 144,8 mill. Den største investeringa elles er i ny Alversund barneskule.

Investeringane i vatn og avlaup er planlagt lånefinansierte fullt ut. Dei andre investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med lån. Dessutan blir dei finansierte med momskompensasjon og investeringstilskot.



Det er budsjettert med startlån til vidare utlån, kr 80,0 mill.

Årlege eigenkapitalinnskot i KLP, kr 6,4 mill., blir finansiert med bruk av ubunden investeringsfond.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2020 er om lag kr 3368 mill. Dette utgjer om lag 128,6 prosent av sum driftsinntekter. Lånegjelda var til same tid om lag kr 114.800,- per innbyggjar.

Økonomiplan 2021 - 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til at netto driftsresultat blir styrkt, etter at det er netto driftsunderskot i budsjettet for 2021. Det er planlagt netto driftsoverskot i den attståande økonomiplanperioden, frå 0,6 prosent i 2022 til 2,3 prosent i 2024 av driftsinntektene.

Kommunen sitt disposisjonsfond var ved utgangen av 2020 om lag kr 277,6 mill. Det utgjer 10,6 prosent av driftsinntektene i 2020. I økonomiplanperioden er det samla lagt opp til ei styrking av disposisjonsfondet, etter at det for 2021 er budsjettert med kr 30 mill. i bruk av fondet for å dekke netto driftsunderskot.

Investering i Alversund barneskule er i hovudsak planlagt gjort ferdig i 2021. Investeringane i Lindås barnehage og Barnehage Bø er også i hovudsak planlagt gjort ferdige i 2021. Det er på denne bakgrunn i økonomiplanperioden 2022-2024 lagt opp til eit vesentleg lågare nivå på investeringar og låneopptak enn i 2020 og 2021.

Finansielle måltal

Etter kommunelova § 14-2 bokstav c skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal (handlingsreglar) for utvikling av kommunen sin økonomi. Finansielle måltal skal brukast i planlegging og styring, som grunnlag for å ta i vare den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har ikkje gjort vedtak om finansielle måltal for kommunen. Det vil bli gjort vedtak om måltal i den nærmaste framtida.

Statsforvaltaren sine vurderinger

Kommunen fekk eit lite netto driftsoverskot i 2020, berre 0,4 prosent av driftsinntektene. Resultatet må sjåast i samanheng med særskilde statlege tilskot i 2020, både i samband med koronapandemien og kommunesamanslåinga. Desse tilskota var ekstraordinære for 2020 og har gjort resultatet for fjoråret betre enn det elles ville ha vore. Dessutan var det ei høg utbetaling frå havbruksfondet til kommunen i 2020. Kommunen ville fått netto driftsunderskot i 2020 utan dei ekstraordinære inntektene i det året.

I budsjettet for 2021 er det netto driftsunderskot med om lag kr 29,0 mill. Underskotet er planlagt dekt med bruk av disposisjonsfond. Dessutan er det i budsjett og økonomiplan lagt til grunn betydelege innsparinger. Desse innsparingane er innarbeidd i eit aukande omfang i økonomi-



planperioden 2021-2023. Vi stiller spørsmål ved om det er realistisk å få dei innsparingane som er lagde til grunn i budsjettet. Det faktiske netto driftsunderskotet og bruken av disposisjonsfondet kan difor bli vesentleg større enn budsjettet. Kommunen må justere for dette for å unngå eit betydeleg netto driftsunderskot, som må bli dekt med bruk av disposisjonsfond.

Kommunen har framleis høg eigedomsskatt på grunnlag av Mongstad-anlegget. Desse inntektene vil bli reduserte ytterlegare i åra framover som følgje av endringa i regelverket for eigedomsskatt. Førebels blir det gitt statleg kompensasjon for ein stor del av dette tapet. Det vil likevel vere uvisse knytt til den framtidige utviklinga av denne kompensasjonen. Då kompensasjonen har så stort omfang for Alver kommune, er kommunen økonomisk sårbar dersom ordninga blir teken ut. Kommunen må førebu seg på at dette vil kunne skje på sikt.

Kommunen bør ha årlege netto driftsoverskot som er større enn 1,75 prosent av driftsinntektene, som er det tilrådde nivået generelt for kommunane. Det skuldast at kommunen har høge inntekter knytt til eigedomsskatt. Dessutan må kommunen vere førebudd på inntektsbortfall over tid og må tilpasse seg dette. Kommunen si målsetjing bør på denne bakgrunn vere årlege netto driftsoverskot på minst 3,0 prosent av driftsinntektene.

Det er viktig at kommunen held oppe verdien av disposisjonsfondet på minst det same nivået som ved utgangen av 2020, det vil seie minst 10 prosent av driftsinntektene. Kommunen må halde oppe realverdien av fondet. Kommunen bør ha som målsetjing at disposisjonsfondet er mellom 10 og 15 prosent av driftsinntektene. Fondet bør vere på dette nivået for å ha tilstrekkeleg driftsreserve, blant anna for å kunne møte eit framtidig inntektsbortfall m.m.

Investeringa i Alversund barneskule er i hovudsak planlagt ferdiggjort i 2021. Investeringane i Lindås barnehage og Barnehage Bø er også i hovudsak planlagt gjort ferdige i 2021. Det er i økonomiplanperioden 2022-2024 lagt opp til eit vesentleg lågare nivå på investeringar og lånepoptak enn i 2020 og 2021. Det er viktig at investeringane faktisk blir reduserte vesentleg i åra framover, også i tida utover økonomiplanperioden.

Kommunen sitt gjeldsnivå er høgt, både målt per innbyggjar og målt i prosent av driftsinntektene. I tillegg kjem eit pårekna høgare rentenivå. På bakgrunn av kommunen sine store utfordringar knytt til driftsbalansen, er det særleg viktig å dempe veksten i lånegjelda framover.

Kommunen bør avgrense nye lånepoptak i stor grad framover. Utanom lån til ferdiggjering av dei nemnde investeringane, bør lån vere avgrensa til investeringar som er fullt ut sjølvfinansierande gjennom auka inntekter. Det vil vere avgiftsfinansierte investeringar innan VAR-sektoren og andre investeringar som er fullt ut sjølvfinansierande, t.d. gjennom leigeinntekter med eventuelt statlege investeringstilskot.

Vi rår kommunen til ikkje å gjere vedtak om nye generelle investeringar inntil vidare, det vil seie investeringar som ikkje er fullt ut sjølvfinansierande. Kommunen bør vente med eventuelt å gjere vedtak om nye investeringar til den faktiske økonomiske utviklinga og situasjonen i kommunen gir grunnlag for det. Det inneber at kommunen må ha oppnådd innsparingar og økonomiske målsetjingar for netto driftsoverskot og disposisjonsfond, før det blir gjort nye vedtak om generelle investeringar.



Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Gjenpart :

Vestland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutval, Postboks 7900, 5020 Bergen